

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/5759-10

Forvaltningsrevisjon - Fylkesarkivet - rapport

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for at tilrådingane i rapporten vert gjennomførde, og melde tilbake til kontrollutvalet status så raskt som mogeleg, og seinast innan utgangen av 2015.

Vedlegg:

- Rapport motteken 11. mars 2015 etter gjennomført forvaltningsrevisjon av Fylkesarkivet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Deloitte AS har gjennomført forvaltningsrevisjon av Fylkesarkivet på oppdrag frå kontrollutvalet.

Fylkesarkivet får gode tilbakemeldingar mellom anna med omsyn til organisering, der revisor skriv at ressursane ved kommunearkivordninga i utgangspunktet er tilpassa dei tenestene som er omfatta av ordninga. Revisor peikar også på fylkesarkivet har tenlege system , instruksar og rutinar.

Revisor har gjort funn som er vurdert opp mot revisjonskriteria, og har i rapporten etter den gjennomførde forvaltningsrevisjon konkludert med fem tilrådingar basert på vurderingar og observasjonar i prosjektet.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale vurdert tilrådingane med oppfølging av den enkelte tilråding.

Kontrollsjefen har i sin vurdering av rapporten og høyringa frå fylkesrådmannen kome fram til ei tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådingane i rapporten bør følgjast opp av fylkesrådmannen.

2. Bakgrunn for saka

Revidert plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken av fylkestinget 11. juni 2014 i FT-sak 4/14. Forvaltningsrevisjon av Fylkesarkivet er tredje prosjekt i planen. Dei to første prosjekta, «Tildeling og oppfølging av tilskot» og «Innkjøp kollektivtransport og oppfølging av tilbodet» er bestilt tidlegare med levering i løpet av haust 2014/vår 2015.

Kontrollutvalet vedtok 23. september 2014 i KU-sak 40/14 å bestille forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet. Bestillinga vart sendt til Deloitte AS 25. september.

Prosjektplan vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 48/14. Leveringsfristen for rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon var sett til 28. februar 2015.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon 11. mars 2015.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om fylkesarkivet har ei organisering og ein kapasitet som er tilpassa oppgåvene og arbeidsmengda ved fylkesarkivet. Dessutan å undersøke om fylkesarkivet når sine oppsette mål..

Følgjande hovudproblemstillingar vart utarbeidde på bakgrunn av føremålet:

1. Har fylkesarkivet organisert arbeidet med kommunale arkiv på ein føremålstenleg måte?
 - a. Korleis er ansvar og oppgåver knytt til arbeidet med kommunale arkiv fordelt?
 - b. Kuleis er avtalane med kommunane ordna?
 - c. Fastset fylkeskommunen spesifiserte krav til materiale som skal avleverast til arkivdepot, og reglar for tilbakelån frå arkivdepot (jf. forskrift om offentlege arkiv § 5-12)?
 - d. I kva grad har fylkesarkivet tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre arbeid i samsvar med avtalane mellom fylkesarkivet og kommunane?
 - e. I kva grad har fylkesarkivet ressursar til å oppfylle krav eller forventningar frå styringsgruppa for kommunearkivordninga?
 - f. I kva grad oppfyller fylkesarkivet eventuelle krav som er sett til rapportering frå fylkesarkivet til styringsgruppa for kommunearkivordninga?
2. I kva grad har fylkesarkivet eit system for å følgje opp sentrale krav i lov- og regelverk om arkiv?
 - a. Har fylkeskommunen ein oppdatert arkivplan (forskrift om offentlege arkiv § 2-2)?
 - b. Blir det ført eit register over arkivbestand og tilvekst (jf. forskrift om offentlege arkiv § 5-5)?
 - c. I kva grad har fylkeskommunen eit system for å sikre at krav til arkivlokale i forskrift om offentlege arkiv kapittel IV er oppfylt?
 - d. I kva grad har fylkeskommunen eit system for å sikre at ein oppfyller krav til kassasjon og bevaring i lov om offentlege arkiv (§ 9), forskrift om offentlege arkiv §§ 3-20 og 3-21 og kapittel IV i Riksarkivarens forskrift?
3. I kva grad når fylkesarkivet sine oppsette mål?
 - a. Er det nedfelt klare målsettingar for fylkesarkivet?
 - b. Er målsettingane sett i samsvar med tilgjengelege ressursar?
 - c. Klarer ein å nå dei oppsette måla?
 - d. I kva grad blir måloppnåinga følgt opp?

Det er sett ei avgrensing av prosjektet inn mot kommunearkivordninga, då grunnlaget i den overordna analysen peikar på utfordringa i denne delen av fylkesarkivet. Fylkeskommunen sitt daglege arkiv (sentralarkivet) er organisert under driftsavdelinga, og er ikkje ein del av prosjektet.

Metode

Revisor har gjennomgått relevant informasjon om fylkesarkivet, med hovudvekt på verksemda til Kommunearkivordninga.

Det er gjennomført intervju av tre personar som arbeider ved Fylkesarkivet/kommunearkivordninga. I tillegg er det gjennomført samtale med leiar for styringsgruppe for kommunearkivordninga.

Oppsummering av intervju er verifisert av intervjuobjekta og utkast av rapporten sin datadel er verifisert av fylkesrådmannen. Eventuelle faktafeil som vart påpeikt er tekne omsyn til.

Fylkesrådmannen har i tillegg hatt den endelege rapporten til uttale og har kome med ein høyringsuttale, som er lagt ved rapporten som vedlegg 1.

Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå Lov om offentlege arkiv. Utover dette er fylkeskommunale styringsdokument som budsjett og relevante fylkeskommunale vedtak nytta som revisjonskriterium. Revisjonskriteria er å finne i kapittel 3 i rapporten.

Revisor sine vurderingar og tilrådingar

Revisor har gjort sine vurderingar på bakgrunn av dei funn som er gjort greie for i datadelen av rapporten, som er å finne i kapittel 4. Vurderingane til revisor er å finne i kapittel 5.

Fylkeskommunen får mange gode tilbakemeldingar i rapporten når det gjeld kommunearkivordninga, men revisor har i sine vurderingar peika på forhold som kan forbeistrast. Desse forbeistringspunktta har revisor nedfelt i fem tilrådingar, som er presentert i kapittel 6 i rapporten.

Fylkesrådmannen sine kommentarar i høyringsuttalen

I høyringsuttalen kommenterer fylkesrådmannen dei enkelte tilrådingane. Fylkesrådmannen vil ta tak i tilrådingane og vurdere kva oppfølging som trengs for det enkelte punkt. Når det gjeld utarbeiding av mandat i første tilråding vil fylkesarkivet ta spørsmålet opp med styringsgruppa for kommunearkivordninga. Styringsgruppa si vurdering vil evt. føre til at spørsmålet vert teke vidare til medlemmane.

Fylkesrådmannen har kommentert dei enkelte punkt i tilrådingane frå revisor.

Kontrollsjefen sine vurderingar

Fylkesrådmannen er innstilt på å følgje opp tilrådingane frå revisor enten i eigen organisasjon eller mot styringsgruppa for kommunearkivordninga. Kontrollsjefen vurderer problemstillingane i prosjektet som besvart i rapporten frå Deloitte AS.

4. Konklusjon

Kontrollsjefen har gjort si vurdering av rapporten og høyringa frå fylkesrådmannen og har kome med ei tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådingane i rapporten følgjast opp av fylkesrådmannen.